

**Sakshandsamar:**

Birgit Tansøy  
E-post: Birgit.Tansoy@sfj.no  
Tlf.: 90984022

**Vår ref.**

Sak nr.: 16/8185-3  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

40187/16

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 24.11.2016

&lt;&lt;f1&gt;&gt;

&lt;&lt;f3&gt;&gt;

&lt;&lt;f4&gt;&gt;

&lt;&lt;f5&gt;&gt; &lt;&lt;f6&gt;&gt;

## Balestrand - privat regulering, Sæle

Vi viser til tidlegare korrespondanse i saka.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjennomført to synfaringar av området for å vurdere opplysningar om nye ikkje kjende kulturminne i området, og for å sjå på tilstanden og landskapet kring gravrøysene i og like utanfor planområdet.

Vi presiserer at dei varsla § 9 undersøkingane ikkje er gjennomført. Dei vil eventuelt først bli gjennomført våren 2017.

### Bakgrunn

Bystøl as varsla i brev av 14.02.2013 oppstart av privat regulering – Sæle i Balestrand kommune. Området er ikkje regulert frå før. I overordna plan ligg ikkje den vestlege delen av planområdet inne som næringsareal, men den midtre og austre delen gjer det. Det vart ikkje sendt ut planprogram i oppstartsvarslet.

Innanfor føreslegne plangrense er det som tidlegare nemnt i vårt høyringsutkast til oppstartsvarelet, datert 28.02.2013, kjend ei automatisk freda gravrøys (ID 60464) som har omsynssone i overordna plan. I tillegg ligg det gravrøysar både vest for (ID 55446, 2 stk) og aust (ID 25774) for planområdet. Også desse gravrøysene er markert med omsynssone i overordna plan. Dei kjende gravrøysene ligg på same høgdedrag og dei høyrer såleis saman. Gravrøysene har *nasjonal verdi*. Ut frå plassering og form er gravrøysene høgst sannsynleg frå bronsealder.

Då kommunen ringde i haust og etterspurde resultat etter kulturminneregistreringane fekk vi vite at offentleg ettersyn til planen låg på trappene.

Akseptskjemaet frå tiltakshavar vart sidan signert og mottatt hos oss den 13.10.2016. Men fordi feltsesongen til fylkeskommunen er avslutta, har vi sagt at undersøkinga tidlegast kan gjennomførast våren 2017. Fylkeskommunen har vidare vore tydelege på at dersom kommunen legg planen ut på offentleg høyring *før* undersøkinga vår er ferdig gjennomført, må det leggjast inn lang nok frist slik at vi får høve til å gje tilrådinga vår på bakgrunn av undersøkinga som skal gjerast.

Det er særskilt omgjevnadane og landskapet gravrøysene er ein del av som må vurderast opp mot skjemming, jfr lov om kulturminne § 3. Det må derfor settast av god tid til dialogmøter, slik at omsyna til dei kjende automatisk freda kulturminna og dei eventuelle arkeologiske kulturminna som dukkar opp i samband med undersøkinga vert ivareteke på ein god måte.

### Ny informasjon

I denne saka er det nyleg komme inn fleire opplysningar om kulturminne innanfor og like utanfor føreslege plangrense i vest som vi ikkje var kjende med i 2013, og som heller ikkje ligg inne i databasane våre. Vi gjennomførte derfor ei synfaring av den vestlege delen av planområdet den 27.10.2016. I alt er det tale om fire ulike kulturminnetypar (sjå vedlegg med kart og bilete):

- **Ein vete** (bilete 1). Veten er lokalisert like vest for plangrensa nokre få meter i frå gravrøysene (Askeladden id 55446).

Systemet med å tenne bål for å varsle om fiendar som var på veg, har vore i bruk sidan yngre jernalder og mellomalder. Vetane blei plasserte på fjelltoppar og langs kysten der det var vid og lang sikt slik at signalbålet rakk over store avstandar. På Sæleneset er det nettopp ei slik vidstrakt utsikt, og derfor er og lykta til hovudleia plassert her. Få av vetane er lagt inn i Askeladden (som er den nasjonale databasen over automatisk freda kulturminne), sjølv om veten heilt klart er eit automatisk freda kulturminne.

- **Fantehola** (bilete 2). Det var vanleg at fanten/splinten/dei reisande la til med båt i vika nedanfor og overnatta i denne «hola». Derav dette namnet. I dag står det att to murar etter dette kryptinnet. Slike bustadar har vi svært få igjen av i fylket vårt. Det finst heller ikkje mange igjen på nasjonalt nivå. Fantehola ligg heilt i austlege delen av området som ikkje er avsett til næringsareal i overordna plan (sjå vedlagt kart 1).
- **Vaskeplass for nøter** (bilete 3). I berget nede ved sjøen, like ved båtfestet, ligg det ei naturleg grop. Gropa vart nytta til å vaske nøtene i.
- **Tørrmur** (bilete 4). Det står ein fint oppmurt tørrmur i området.

I samband med synfaringa såg vi òg på landskapet og avstanden frå plangrensa og dei automatisk freda gravrøysene vest for plangrensa. Eksisterande næringsverksemd, ligg heilt nede i terrenget, 1-2 meter over havnivå. Terrenget mot vest er opp mot 10 meter høgt.

#### *Synfaring av den midtre og austlege delen av planområdet*

Den 10.11.2016 gjennomførte underteikna og ei synfaring av den austlege delen av planområdet for å sjå på gravrøysa midt i planområdet og gravrøysa like aust for planområdet. Målet med synfaringa var å sjå på tilstanden til gravrøysene og landskapet rundt dei. Med på synfaringa var eigar av Sæle sag a/s.

Vi såg at gravrøysa som ligg innanfor planarbeidet er heilt inntakt, men at den delevis er dekt med pålar og anna skrot. Innanfor sikrinssonga på begge sider av røysa mot vest og aust, er det lagt bilveg. Underteikna vart opplyst at skrotet som ligg på røysa stammar frå landbruksdrifta og ikkje frå sagbruket.

Gravrøysa like aust for plangrensa, ligg fritt til oppe på ein knaus med god utsikt mot fjorden. Ho er utkasta noko i aust og i sør, og inntakt. Det veks tre furutre i røysa.

#### *Gravrøysar*

Langs den indre kystleia i Noreg ligg det gravrøysar frå bronsealder og jernalder av nasjonal verdi som er automatisk freda. Kvar enkelt gravrøys er eitt unikt kulturminne, samstundes som heile rekka med gravrøysar kan sjåast på som eit samanhengande kulturminne - eit gravfelt. Gravrøysene representerer ein viktig del av kulturhistoria vår. Frå denne delen av historia har vi ikkje skriftleg kjeldemateriale som kan fortelje oss om korleis folk før oss levde.

Gravrøysene vart lagt langs leia fordi dei skulle vere synlege for folk som kom farande forbi og fordi den døde som låg i grava skulle sjå dei reisande. Slike gravrøysar finn vi langs kysten og inn over i fjordane i fylket vårt, til dømes i Sognefjorden og i ytre Sunnfjord og Nordfjord. Gravrøysene ligg gjerne ute på nes, eller på område med god utsikt. Vi har berre nokre få gravrøysar att, fordi utbygginga fleire stader har ført til at røysene har måttet vike. Slik sett har kyst- og fjordkommunane eit ekstra ansvar for å ta vare på og forvalte dei gravrøysene som er att.

I Balestrand kommune er det særskilt konsentrasjonar med slike kyststrøysar på nes som stikk ut i Sognefjorden, slik som på Sæle.

Gravrøysene er kulturminne som er lett å formidle fordi dei ligg så synlege i terrenget. Såleis har gravrøysene ein særmerkt opplevings- og kunnskapsverdi. I samband med arbeidet med kommunal kulturminneplan i Balestrand er det eit ekstra fokus på kyststrøysene.

#### **Vurdering**

Dersom terrenget i vest skal sprengast vekk for å vere på same nivå med eksisterande næringsareal vil det medføre eit svært stort inngrep i landskapet tett inn på gravrøysene og veten i vest som er automatisk freda. I tillegg er vi gjort kjend med at det ligg restar att etter ein opphaldsplass frå dei reisande, ei fantehole, i denne delen av planområdet. Det står framleis att restar etter murar til denne opphaldsstaden. Vi har berre nokre få fysiske spor att etter dei reisande i fylket vårt. Fantehola er derfor å rekne som eit regionalt viktig kulturminne og vi ynskjer å bevare det for ettertida.

Alt i alt inneheld den vestlege delen av føreslege planområde, som heller ikkje er avsett til næringsareal i overordna plan, så mange ulike kulturminne med stor tidsdjupne og at rår i frå å ta den delen med.

I den nordlege delen av planområdet kan vi gå med på, føresett at det ikkje dukkar opp noko meir i samband med dei arkeologiske registreringane til våren, ei viss utviding mot Riksvegen. Det må vere god avstand til gravrøysa som ligg midt i planområdet.

Gravrøysa midt i planområdet skal merkast av i planen som automatisk freda kulturminne og få eiga omsynssone. I føresegnene skal det stå at dette er eit automatisk freda kulturminne.

Vidare ser vi at det er problematisk å utvide næringsarealet mot aust fordi då vil landskapet kring gravrøysa der bli svært negativt råka.

Sogn og Fjordane fylkeskommune rår derfor til at alternative stader til plassering i kommunen blir vurdert, og at desse vert teke med i konsekvensutgreiinga for planen.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad  
assisterande fylkesdirektør

Birgit Tansøy  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

Kart og bilete av kulturminne

Mottakar (ar)

Bystol as  
Balestrand kommune Kong Beles veg 20 Rådhuset 6899 BALESTRAND

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER